

Protokoll frå styremøte i Helse Førde HF

Tid: 28.10.2016, kl. 09:00 – 11:50
Møtestad: Førde sentralsjukehus, Førde

Styremøtet var oppe for publikum og presse

Deltakarar frå styret

Agnes Landstad	Nestleiar
Helge E. Bryne	Medlem
Harry Mowatt	Medlem
Liv Stave	Medlem
Randi Aven	Medlem
Geir Berge Øverland	Medlem
Berit Hornnes	Medlem
Elin Lysne	Varamedlem tilsette

Forfall frå styret

Jorunn Ringstad	Styreleiar
Atle Hamar	Medlem
Wenche Kristin Røkenes	Medlem

Deltakarar frå administrasjonen

Jon Bolstad, administrerande direktør
Vidar Vie, viseadm. direktør
Olav Hesjedal, direktør Medisinsk klinikk
Helge Robert Midtbø, direktør Kirurgisk klinikk
Hans Johan Breidablik, fagdirektør
Terje Ulvedal, kommunikasjonssjef
Halfdan Brandtzæg, økonomidirektør
Arne Skjelten, HR-direktør
Berit Irene Haarklau, referent

Sakliste

052/2016	Godkjenning av innkalling og dagsorden
053/2016	Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Førde HF 22.09.2016
054/2016	Administrerande direktør si orientering
055/2016	Rapportering frå verksemda per september 2016
056/2016	Oppnemning av valstyre i samband med val av tilsette sine representantar i styret i Helse Førde HF
057/2016	Risikostyring 2016 – rapportering 2. tertial
058/2016	Arealplan – oppstart «Nye Førde sjukehus»
Saker til orientering:	
059/2016	Budsjettarbeid 2017
060/2016	Eventuelt
	Skriv og meldingar

Nestleiar Agnes Landstad ønska styret, administrasjon og publikum velkommen til dagens styremøte ved Førde sentralsjukehus.

MØTE STARTA MED KÅSERI AV AVTROPANDE FAGDIREKTØR

Fagdirektør Hans Johan Breidablik kåserte om tida som fagdirektør og utviklingstrekk i spesialisthelsetenesta fram til no og kva han ser for seg av utviklingsretningar framover.

Styret takka for ein god presentasjon, også med ei påminning om utfordringar for styret. Presentasjonen vert utsendt til styret saman med protokollen.

052/2016 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Nestleiar Landstad leia møtet.

Desse hadde forfall til styremøte: Jorunn Ringstad, Atle Hamar og Wenche K. Røkenes

Elin Lysne møtte som varamedlem.

1 dokument var utsendt til «Skriv og meldingar»

Vedtak (samrøystes):

Det var ingen merknader til innkalling og dagsorden.

053/2016 Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Førde HF 22.09.2016

Nestleiar Landstad har mottatt ein merknad til kommenter i styresak 044/2016 (side 4), der første del vert retta til: «Styret var nøgd med».....

Vedtak (samrøystes):

Styret godkjende og underteikna protokollen frå styremøte 22.09.2016, med ovannemnde retting i styresak 044/2016.

054/2016 Administrerande direktør si orientering

1. Tiltak for å sikre rask oppstart av sepsisbehandling i Akuttmottak ved FSS
Styret i Helse Førde fekk ei orientering om situasjonen og var på befarung i akuttmottaket i januar 2016. I styremøte 22.09.2016 vart det etterspurd ei orientering om nasjonalt tilsyn med blodforgiftning/sepsis vedrørende Helse Førde. Notat var sendt ut og det vart svart på spørsmål i møtet.

2. Statsbudsjettet – for spesialisthelsetenesta
Tema vert innleiing til sak 059/2016 Budsjettarbeid 2017.

3. Pasientreiser Helse Vest
HR-direktør Skjelten orienterte om:

- Pasientreiseordning frå 1. oktober 2016 gjer det mogleg å sende inn søknad om refusjon elektronisk. Det er forventna auke i bruk av elektronisk refusjon inntil 80%
- Nytt regionalt kontor vart etablert i Førde

4. Ny internett-side
Kommunikasjonssjef Ulvedal orienterte.

Det er no ein felles mal for spesialisthelsetenesta i heile landet, der helsenorge.no er overbygning. Målet er ein offentleg helseportal i 2020, der også primærhelsetenesta er med.

Nettet blir ein stadig viktigare del av sjukehuset, ein del av pasientreisa og behandlinga. Pasientar og påførande ventar å få ein heilskapleg info tilpassa sin situasjon.

5. Overdraging av Helse Vest innkjøp til Sjukehusinnkjøp HF frå 1.12.2016
Viseadm. direktør Vie orienterte om overdraging som gjeld frå 1.12.2016.

6. Framdrift Bygg aust
Viseadm. direktør Vie orienterte om framdrift for Bygg aust. Bygget vart tett 16. september og ein hadde kransfest 25. oktober. Bygget vert overlevert 16. juni 2017, og klart til interkommunal legevakt frå 1. juli 2017.

Budsjettreserven som vi hadde på 4,4 millionar, er per september redusert til 1,7 millionar. Gjenståande budsjettreserve kan bli knapp.

Vedtak (samrøystes):

Styret tek meldingane til orientering.

055/2016 Rapportering frå verksemda per september 2016

Oppsummering:

Fagdirektør Breidablik orienterte om kvalitet:

Ventetid for ventande viser totalt 43 dagar. Samla tal på ventande pasientar er 4566. Ventetid for starta behandling viser totalt 56 dagar. Ingen ventar no over 1 år.

Fristbrot viser totalt 20, derav 11 i medisinsk klinikk. Beleggsprosentar september viser samla 71%.

Epikrisetider somatikk: viser 92% innan 7 dagar, og 69% innan 1. dag
Epikrisetider psykisk helsevern: viser 98% innan 7 dagar, og 48% innan 1. dag

Stryking av planlagde operasjonar viser 29 av 715 planlagde operasjonar (4%).
Korridorpatientar viser 0,08% (4 stk i Kirurgisk klinikk). Liggedøgn utskrivingsklare pasientar viser 30 (undra frå forrige månad).

Styret kommenterte:

- *Beleggsprosenten, styret ønskjer meir detaljert oversyn over denne i komande rapporteringar.*

Økonomidirektør Brandtzæg orienterte om aktivitet, økonomi og medarbeidarar

Aktivitet i somatikk viser nedgang på dagkirugi og heildøgndopphald, men auka poliklinikk.
Aktivitet i psykisk helsevern viser god aktivitet.

Helse Førde har eit budsjettavvik per september på minus 13,493 millionar kroner, med klinikkvis fordeling:

Kirurgisk klinikk	-23,309 mill
Medisinsk klinikk	-19,288 mill
Psykisk helsevern	+2,333 mill
Stab og støtte	+6,383 mill

Aktivitetsbaserte inntekter har så langt i år vore lågare enn venta. Varekostnader er høgare. Kostnadene til medikament aukar. Helse Førde har i år større forbruk av behandlingar i Helse Bergen.

Sjukefråvær var 5,9% i august. Brutto månadsverk i september var 2249. Netto månadsverk i september var 2053.

Styret kommenterte:

- *Situasjonen no som viser reduserte inntekter kan vere eit signal på ein varig trend som må takast høgde for i det vidare arbeidet med budsjetta.*

Vedtak (samrøystes):

Rapportering frå verksemda per september 2016 vert teken til vitande.

056/2016 Oppnemning av valstyre i samband med val av tilsette sine representantar i styret i Helse Førde HF

Oppsummering:

Forskrifta for val av dei tilsette sine representantar til styret vart sett i verk i 2003. Førre val vart gjennomført i februar 2015. Sak om val av styremedlemmer, vald av og blant dei tilsette, vart sist handsama i styremøte 16.09.2014.

Styret utnemner representantar til valstyret som får i oppgåve å gjennomføre valet i samsvar med "Forskrift til helseforetakslovens bestemmelser om de ansattes rett til representasjon i regionale helseforetak og helseforetaks styrer". Val av tilsettere representantar til styret i Helse Førde HF skal vere gjennomført innan utgangen av februar 2017.

Vedtak (samrøystes):

1. Det vert oppnemnd valstyre for val av tilsettere representantar til styret i Helse Førde HF. Medlemmar av valstyret vert:
 - Thor Åge Midttun, seksjonsleiar HR Rådgjeving
 - Ola Hjelle, tillitsvald
 - Wenche Røkenes, tillitsvald
2. Valstyret vel leiar og nestleiar når valstyret har konstituerande møte. Val av tilsettere representantar til styret i Helse Førde og Helse Vest sitt styre, vert å gjennomføre på ein best mogleg samordna måte for å utnytte ressursane og avgrense kostnadane så langt dette er mogeleg.
3. Valet tek sikte på å vere gjennomført innan utløpet av februar 2017.

057/2016 Risikostyring 2016 – rapportering 2. tertial

Oppsummering:

Helse Førde HF har vedteke fem årlege styringsmål med delmål for 2016, jf. styresak 013/2016. Saka omhandlar tertialrapportering av gjeldande styringsmål for helseforetaket.

Styringsmål 2016 for Helse Førde HF	
Styringsmål 1	Talet på skader som kan unngåast i helsetenesta i Helse Vest skal halverast innan 2018.
Styringsmål 2	Ventetider for diagnostikk og behandling i Helse Vest skal reduserast.
Styringsmål 3	HMS er ein sjølvsgatt del av arbeidsdagen.
Styringsmål 4	Helse Førde utviklar «pasientens helseteneste», med god kvalitet, brukarmedverknad og heilskapleg pasientforløp.
Styringsmål 5	Helse Førde har ein god og effektiv bruk av personal og økonomiske ressursar.

Styret kommenterte:

- *Gevinstrealisering for KULE og IKT-løsningar, eks. styringsmål 5, delmål 4 om klinisk IKT*
- *IKT-prosjekt, delmål 3, viktig å ha oppmerksomheit om denne framover*

Administrasjonen bekrefta at ein vil presentere eit notat for styret, med gevinstrealisering for eit konkret eksempel.

Vedtak (samrøystes):

Styret tek saka til vitande.

058/2016 Arealplan – oppstart forprosjekt «Nye Førde sjukehus»

Oppsummering:

Forprosjekt «Arealplan FSS» ligg inne med startløyving på 18 millionar i framlegget til statsbudsjett for 2017 og kan med positivt vedtak i Stortinget startast opp i januar 2017. Prosjektet skal utviklast vidare frå alternativ 1 i konseptfase frå styresak 071/2015.

Helse Vest har godkjent prosjektet i styresak 120/15. Vedtaket vart gjort med atterhald om finansiering. Det er såleis ikkje nødvendig med ny handsaming av styret i Helse Vest før vi kan gå i gang med forprosjektet.

Tenesteutviklinga i Helse Førde er no organisert gjennom programmet «Pasientens helseteneste», og påverknader frå tenesteutviklinga skal takast inn i forprosjektet.

Samla prosjektkostnader for perioden 2017 til 2025 er summert til 1,62 milliardar.

Viseadm. direktør Vie orienterte om status for prosjektet. Det er dialog med Sykehusbygg HF.

Forprosjektet startar opp 2. januar 2017. Signering av kontrakt med arkitekt og rådgjevar er planlagt til 15. februar 2017. Kobling mellom tenesteutvikling og forprosjekt er vårt fokus. Det er etablert dialog med Helse Vest om etablering av rutinar for rapportering av prosjektet.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret i Helse Førde godkjenner, med grunnlag i gjennomført konseptfase, oppstart av Arealplan «Nye Førde sjukehus».
2. Prosjektet skal kunne gjennomførast innanfor ei kostnadsramme på 1,62 milliardar, og i samsvar med godkjent finansieringsplan.
3. Arbeidet med tenesteutvikling skal samordnast og integrerast med planane for arealutvikling
4. Det skal etablerast rutinar for rapportering mot Helse Vest og styret skal haldast jamleg orientert om prosjektet.

SAKER TIL ORIENTERING:

059/2016 **Budsjettarbeid 2017**

Oppsummering:

Saka er ei orientering om status i arbeidet med driftsbudsjett for 2017, og dei utfordringane organisasjonen står overfor for å få eit resultat som støttar tidlegare drifts- og investeringsvedtak.

Så langt i 2016 har inntektene frå pasientbehandlinga i dei somatiske klinikkane vore vesentleg lågare enn planlagt. I budsjettet for 2017 legg dei somatiske klinikkane opp til 22 millionar kroner lågare inntekter frå pasientbehandling enn i budsjettet for inneverande år. Om ser på gjennomsnittleg aktivitet dei siste fem åra, er det naturleg å justere ned venta aktivitet i 2017.

Økonomidirektør Brandtzæg orienterte om: Statsbudsjett og budsjett 2017

Endringar i basisramma – Helse Vest, med omlegging av aktivitetsbasert refusjon psykisk helsevern. Det blir omlegging i meirverdiavgiftsordninga. Aktivitetsauke, vekst i ISF-området på om lag 1,5% med generell aktivitetsvekst på 2,1%.

Budsjett 2017 – kva er gjort?

- *Innspeil frå klinikkane i langtidsbudsjettet*
- *Førebels ramme gitt i midten av juni*
- *Budsjett frå klinikkane 17. oktober*
- *Gjennomgang med adm. direktør og klinikkdirektørane 24. oktober*
- *Realauke frå langtidsbudsjettet*

Styret kommenterte at utfordringa er stor, men at det likevel må identifiserast områder som kan gi tilstrekkeleg effekt for realistisk saldering.

Styret etterspør dokument/notat om:

- 1) *Bruken av Helse Bergen, sjå på nasjonal trend og «større del av traumepasientar vert flydd til Haukeland», er det klar trend?*
- 2) *Prosess for Plan for prehospitale tenester og rammer for dette området også sett i lys av rammer frå inntektsmodellen.*

Vedtak (samrøystes):

Styre tek til vitande at Helse Førde har ei uløyst utfordring på 50 millionar kroner så langt i budsjettarbeidet, og ber administrerande direktør arbeide vidare med å sikre dei langsiktige budsjettføresetnadene.

060/2016 **Eventuelt**

Møte mellom styret og Brukarutvalet vart utsett, og ny dato vert tilknytta ein styremøte-dato.

Skriv og meldingar

Følgjande skriv og melding var sendt ut til styret:

- Matglede fra Helse Førde

Ref. Berit Irene Haarklau

Jorunn Ringstad
Styreleiar
(sett)

Agnes Landstad
Nestleiar

Helge E. Bryne

Harry Mowatt

Liv Stave

Atle Hamar
(sett)

Randi Aven

Geir Berge Øverland

Berit Hornnes

Elin Lysne
Varamedlem tilsette